

MØTEBOK

SAMNANGER SOKNERÅD

Torsdag 26. jan. 2023

Desse møtte:

Frå soknerådet:	Leiar Gullborg K. Aasgaard, Hilde M. Aarvik, Monica Tjønnå, Anlaug Røen Hauge, Johannes S. Bruvik og Knut Inge Røen,.
Varamedlem u. stemmerett:	Ingen
Kommunal representant:	Linda Haug Kollbotn
Skrivar:	Kyrkjeverje Britt Haukanes
Forfall:	Inger Odland og sokneprest David Vogel

Møtestad/ tid: Haga kyrkje kl.18.30 – 21.15

Opning v. Knut Inge Røen om Gud som skapar, i ein uforgjengeleg dimensjon frå æve til æve. Likevel involverer han seg i menneska i ei fallen verd. Vend om så skal de få leva!

Sakliste

Sak 4/23 KS	GODKJENNING AV INNKALLING OG MØTEBOK
Sak 5/23 KS	FASTE SAKER KS – meldingar, evalueringar og rådet sitt kvarter
Sak 6/23 KS	REVIDERING AV KYRKJESTYRE-BUDSJETTET FOR 2023
Sak 7/23 KS	PERMISJONSSØKNAD FRÅ SEKRETÆREN U. off
Sak 8/23 KS	KYRKJELYDSSEKRETÆR-STILLINGA – STILLING OG LYSING
Sak 9/23 KS	PROSJEKTARBEID PÅ GRAVPLASSEN – KYRKJEVERJA PÅ VEG UT
Sak 10/23 SR	FASTE SAKER SR – EVALUERING OG PLANLEGGING
Sak 11/23 SR	NOMINASJONSNEMND TIL SOKNERÅDSVALET

Sak 4/23 KS**GODKJENNING AV INNKALLING OG MØTEBOK**

Vedlegg: Møtebok for 3. jan. 23

Det kom på møtet framlegg til endring i møteboka i sak 3/23. Rådet ynskte få tilsend framlegget, og at presten også skulle få vera med og avgjera endringa. Framlegget vert send ut til medlemene på e-post og skal handsamast på neste møte.

Framlegg til vedtak:

Møtebok for 3. jan. og innkalling for 26. jan. er godkjende (evt. med desse merknadene.....)

Vedtak

Endeleg godkjenning av møtebok for 3. jan. vart utsett til neste møte. Innkalling for 26. jan. vart godkjend.

Sak 5/23 KS**FASTE SAKER KS – meldingar, evalueringar og rådet sitt kvarter**

- Me hadde ein rekordhøg straumrekning for desember, men nesten 40 000 kr for Ådland og 32 000 kr. for Haga og 7 for gravplassen, til saman ca. 79 000 kr. Me har til no klart oss godt, både fordi straumforbruket har gått ned og fordi KNIF kjøper inn halvparten av straumen vår ca. 2 år på førehand når prisen er låg. I tillegg til at gjennomsnittsprisen var nesten 3 kr/kwt i desember, er også den førehandsinnkjøpte straumen dyrare no. (Me fekk likevel ca. 10 000 kr i avslag på Ådland for desember.) Straumstøtte frå staten for desember var på 45 000 kr. pr sokn.
- I samband med bispevigsla, vert leiarane for sokneråda inviterte til å ta del i vigslingsgudstenesta i domkyrkja 16. april med lunsj i Håkonshallen etterpå, saman med kongen, biskopane og mange andre gjester frå inn og utland.
- Postjournal – *Vedlegg: 4 Postjournal (Vart lagt fram på møtet)*

Sak 6/23 KS**REVIDERING AV KYRKJESTYRE-BUDSJETTET FOR 2023**

Kyrkjestyret gjorde framlegg om eit drifts-budsjett på 3 533 900 kr. for 2023. Kommunestyret gjorde vedtak om løyving på 3 333 300 kr. Her er ein skilnad på 200 600 kr. som må dekkast inn.

Me har framleis eit fond hjå KLP på 217 359 kr. Det vert anbefalt å ikkje bruka opp dette fondet, sidan reguleringspremien kan verta høg når løns- og prisstigninga er høg og innteninga på fond er låg. Då kan det vera godt å ha ein buffer her. Det er likevel vanskeleg å sjå at me kan ta desse pengane så mange andre stader frå. Om me seier me skal bruka 155 000 kr. frå fondet, kjem omlag 120 000 kyrkjestyrebudsjettet til gode sidan om lag 23 % av lønsmassen vår ligg i soknerådsbudsjettet.

Me kjem ikkje utanom å skjera i vedlikehaldspostane i tillegg. Det me har sett av pengar til på drifts-budsjettet i år, i tillegg til ordinært vedlikehald:

Opprusting av bårehuset – beredskap.	30 000 kr.
Skifte av låssystem i kyrkjene	85 000 kr.
Barnekrok i kyrkja på Ådland	25 000 kr.
Innbrotsalarm til kyrkja på Haga	50 000 kr.
Tjørebreiing av takrenner på Ådland	35 000 kr.

Sidan me skal byta kyrkjedørane på Ådland, er det dumt å setja i dei gamle låsane der. Då vil det vera best å byta låsane på Haga med det same, og få det same systemet der også. Tjørebreiinga skulle vore gjort i 22, men grunna dårleg ver vart det utsett. Det kan ikkje venta.

Innbrotssalarmen til kyrkja på Haga kan utsetjast eit år og barnekroken kan lagast av innsamla midlar. Då vil me spara 75 000 kr. I AU vart det peika på at kurs-kontoen for tilsette er høg. Det er ikkje stiftsdagar for alle tilsette i 23, men KA-kurs for ny kyrkjevevje kostar rundt 45 000 fordelt på to år, så difor treng me ein auka sum der. (3 veker kurs)

Vedl. 06_23 Revidert budsjett KS23 framlegg

Vedtak:

Kyrkjestyret ynskjer å gjera desse endringane i budsjettet for 2023:

• Barnekroken skal lagast med innsamla midlar	25 000 kr.
• Innbrotssalarm for Haga skal ikkje kjøpast inn	50 000 kr
• Div. utstyr Haga går ut	600 kr.
• Div. vedlikehald Ådland går ut	5 000 kr.
• <u>Pensjonsutgifter vert dekkja av KLP fond</u>	<u>120 000 kr.</u>
Til saman	200 600 kr.

For at nok midlar frå KLP-fondet skal koma kyrkjestyrebudsjettet til gode, må minst 155 000 kr. av pensjonen for 2023 betalast med fond. Om lag 35 000 kr. kjem då soknerådsbudsjettet til gode. For kontofordeling, sjå vedlegg til vedtak.

Vedtaket var einstemmig og som framlegget.

Sak 7/23 KS PERMISJONSSØKNAD FRÅ SEKRETÆREN

U. off.

Saksutgreiinga er U. OFF. Saka vart vist på lysark på møtet.

Vedtak

Bente L. D. Bødker får permisjon frå 1. mai 2023 til 1. mai 2024. Ho må melda frå seinast 1. februar 2024 om ho kjem attende i stillinga eller ikkje.

Kyrkjevevja tilbyr først stillinga til dei av dei deltids-tilsette i soknet som har kvalifikasjonar til stillinga. Om ikkje dei har ynskje om å søkja, arbeider administrasjonsutvalet vidare med tilsetjing av vikar. Jmf. tilsetjingsreglementet vedt. 14.9.22

Vedtaket var samrøystes og som framlegget

Sak 8/23 KS KYRKJELYDSSEKRETÆR-STILLINGA – STILLING OG LYSING

Uansett utfall i sak 7/23, har me bruk for å søkja etter sekretær frå 1. mai. Tilsette med deltidsstillingar som er kvalifiserte til stillinga, skal først få tilbodet jmf. pkt 3 i tilsetjingsreglementet.

Når det vert ei ledig stilling, skal også rådet vurderer om stillinga skal omorganisert eller endrast. Krav til stillinga skal også vurderast. Dette skal på førehand drøftast med adm.-utvalet. Me prøver å få til eit møte i neste veke før soknerådsmøtet. Det kan såleis koma inn nye framlegg til vedlegg 8A og B før møtet.

Det som i alle fall må vurderast, er om kyrkjetenarbiten som låg inne i sekretæren si stilling til i år, skal vera med i stillinga. Det er ikkje lagt inn i framlegget til ny instruks, men dette må rådet drøfta. Som ei prøveordning fram til sommaren, har Ane teke på seg å vera kyrkjetenar når ho kan, med Anne, Britt og Bente som vikarar.

Uansett har sekretær-stillinga endra seg ein del sidan instruksjonen var laga i 2012. Den største endringa, er kanskje at kontoret har byrja bruka dataprogrammet Visma til lønsutbetalingar og

rekneskapsføring. Sidan den som tilviser ikkje kan leggja ting inn, må sekretæren ta seg av både å leggja inn bilag til rekneskapen og leggja inn timar for lønn/ tillegg for dei som ikkje gjer det sjølv. (Alle fast tilsette, kan gjera det sjølv.) Sekretæren har også overteke ein del føringsoppgåver som har med rekningar, offer og gåver å gjera. Kyrkjevevja har laga framlegg til ny stillingsomtale som betre dekkar dagens oppgåver for sekretæren. Det er lagt til eit punkt om dataprogram. Det er fare for at det kan skemma folk frå å søkja, men samstundes er det slik at dei som kvir seg på å læra å bruka nye dataprogram, ikkje kan ha denne jobben. Instruksen var i si tid laga med utgangspunkt i ein mal frå KA og følgjer elles deira oppbygging. Den gamle stillingsomtalen finn de på side 2 i vedlegget.

Rådet skal også vurdere kva krav som skal setjast til søkjarane. Det ligg ved framlegg til utlysingstekst. Overskrifta er her «sekretær», - for at det lettare skal koma fram i stillingssøk hjå NAV. Rådet kan vurdere om dei vil gå bort frå tittelen: kyrkjelydssekretær, eller om me skal halda på den.

Det kom to innspel til endringar frå dei tilsette i adm.-utvalet, og desse vart lagt fram på møtet.

1. Me kan byta ut Easy Worship, med «mindre dataprogram» i stillingsomtalen.
2. Det skal leggjast til eit punkt i lysinga om at me gjer «nødvendig opplæring».

Vedl.8A Stillingsomtale k.l.sekretær Framlegg 1 og 2

Vedl. 8B Lysingstekst sekretær Framlegg

Framlegg til vedtak

Me søker etter ny kyrkjelydssekretær med dei arbeidsoppgåvene stillinga har no, utan kyrkjetenaroppgåver. Kyrkjestyret vedtek kyrkjevevja sitt framlegg til ny stillingsomtale, inkludert endringar. (Framlegg 8A2.) og framlegget til krav for søkjarane/ lysingstekst med eit tillegg om at me tilbyr nødvendig opplæring og hjelp.

Vedlegg til vedtak:

Vedt. 8 A Stillingsomtale

Vedt. 8 B Lysingstekst

Sak 9/23 KS PROSJEKTARBEID PÅ GRAVPLASSEN – KYRKJEVEVJA PÅ VEG UT

Kyrkjevevja fyller snart 62 år, og ynskjer grunna helseproblem å gå av etter sommaren. Men ho er midt i eit stort prosjekt med å omregulera gravplassen, og ynskjer å få fullført dette prosjektet. Å få dette prosjektet i hamn er ein føresetnad for å kunna driva gravplassen etter dei reglane som gjeld og ha levelege tilhøve for dei tilsette.

Det som har vore gjort av administrasjonsprosjekt på gravplassen:

1. **Registrering av gravene på data.** Det første me gjorde var å få alle gravene registrerte i Excel ved hjelp av gravsteinar og opplysningar frå gravprotokollen. Til dette hadde kyrkjekontoret hjelp av sivilarbeidarar på byrjinga av 90-talet.
2. Så arbeide kyrkjelydssekretæren med å **finna pårørande til alle graver.** Det var veldig få graver me ikkje greidde finna ut av. Ho skreiv brev til alle som hadde graver som var over 25 år gamle. Dei som festa graver, fekk festebrev, og dei som ikkje svarte fekk brev om at grava gjekk ut. Då vart grava sletta. Festetida var 20 år. Me hadde autobrev og autogiroar og det fungerte bra. Sekretæren var å jour med dette arbeidet og hadde alt på stell. I 1997 vart det tilsett kyrkjevevje i 60%, men sekretæren hadde framleis ansvar for kyrkjeregisteret. Seinare skjedde det to ting:
3. **Overføring til Gravlund og kortare festetid**
Eit excelark har begrensingar – og folk flyttar utan å melda frå. Flytta me registeret vårt over på «eit profitt program», kunne me gjennom folkeregisteret få rett adresse til pårørande og få mange gode funksjonar med på kjøpet. Programmet «Gravlund» vart

kjøpt inn. Då dei overførte excel-arka våre til dette programmet gjorde dei ein feil som me ikkje oppdaga før me hadde brukt programmet ei heil stund. Dermed måtte me inn og gå gjennom/ retta alle gravene manuelt.

Ein ting, som vart bestemt av kyrkjestyret utan at sekretæren var spurd, var å bestemma at det skulle vera 5 års festetid, ikkje 20. Dette gav mykje meirarbeid. Auto-søkje-funksjonane kunne ikkje brukast skikkeleg grunna feilen, og me var ikkje lenger à jour med utsendingane for alle graver over 25 år. Me hadde også vanskar med sjølve programmet. Autobreva forsvann kvar gong programmet vart oppdatert, og det var mange ting som ikkje fungerte utan at me forstod at det dreidde seg om systemfeil. (I eit ukjend program, veit ein ikkje korleis ting skal fungera.) Det tok lang tid og mange telefonar til Kirkeidata før me fekk det meste på plass.

Slik var stoda då den første kyrkjevevja slutta i 2011. Då sekretæren vart kyrkjevevje, tok ho med seg gravplassoppgåvene (og 20% stilling) inn i kyrkjevevje-jobben, men det har vore vanskeleg å klara å gjera dette store prosjektet i tillegg til alt det andre. Alle overførings-feila vart retta, men me kom aldri à jour igjen med systematisk utsending av festetilbod på den gamle gravplassen. Ein medverkande grunn til dette var at det er mange graver som ikkje kan nyttast om igjen, og som me ikkje bør senda ut vanleg festetilbod på. Då byrja me på det fjerde store prosjektet:

- 4. Omregulering av gravene.** Me var klar over at mange stader på gravplassen er det grave for tett. Kyrkjevevja og medhjelpar på gravplassen har tidlegare gått gjennom felt 1, 2 og 3 og definert ut dei aller verste. (Freda enkle graver for oppatt-graving, for å gje betre plass til doble graver.) Dette er ført inn i registeret og vert teke omsyn til når me bestemmer oppatt-graving og sender ut rekningar. Når me no har fått ny sjef og ny tilsett på grav-plassen, byrja me våren 2022 å gå gjennom gravfelta systematisk med meterstokk. Kvar grav skal vera minst 1,20 m breid. Me fører dei nye grav-grensene inn på dronebilde (*sjå vedl. 9A*) og skriv merknader i registeret. Først dei felta som ikkje var tekne frå før: felt 7, 6 og 5. (Felt 4 er midlertidig freda grunna vatn i grunnen.) Dei andre felta må også takast på den måten, sjølv om dei er betre. Det vert definert ut graver, bestemt samanslåing og i kva retning graver skal flyttast.

Målet er å få alt teikna inn på bilda og notert i registeret. Då vil det også vera enkelt å få det overført til den type digitale kart som alle gravplassar skal inn på no. (Komande prosjekt 5.)

Å få orden på desse tinga er ein føresetnad for at nokon skal vilja arbeida på gravplassen i det heile. (Det har også den nye kyrkjegardsarbeidaren gjeve tydeleg uttrykk for). Du skal ikkje risikera å koma inn i kisteveggen til nabograva når du grev, og du skal kunna bruka den nye avstemplings-kassen som er sikrare og meir lettvent. Får du beskjed om kvar det skal gravast, skal du vita kvar du skal grava utan å måtta hugsa kvar kista attmed er nøyaktig plassert. Den som tilviser graver, skal også vera sikker på at grava som er ledig «på papiret» faktisk kan gravast om igjen. Det er også ein føresetnad for å få festearbeidet i orden at ein veit kva graver som kan nyttast om igjen, og kva som er enkle og doble graver.

Å fullføra dette prosjektet er ein tidkrevjande jobb det eigentleg ikkje er plass til å få gjort i kyrkjevevja si stilling i tillegg til alle andre oppgåver kyrkjevevja har. Det er også ein jobb det er vanskeleg å ta over for andre, så lenge me er «midt i». Det er greitt å overta eit fungerande register, men ikkje eit som er under omarbeiding.

Kyrkjevevja har forplikta seg på (og forsikra dei på gravplassen om) at dette skal ho gjera ferdig. Ho meiner at om ho som delvis pensjonist brukar ein dag i veka på arbeidet eit år framover, vil ho truleg også koma à jour med å senda brev til alle pårørande, og rekningar for feste. For å få prosjektet i hamn ber ho difor om å få behalda 20% stilling eit år frå slutt-datoen.

I lønsmidlar vert det 135 700 kr for eit år, med pensjon og avgifter vil det vera 194 400 kr. Kyrkja har ikkje midlar til å løna denne stillinga i sitt budsjett for 2023, i tillegg til kyrkjevevjestilling i 100%.

Dette kan løysast på to måtar:

1. Ein kan søkja etter ny kyrkjevevje i 80% med utviding til 100% om eit år.
2. Ein kan søkja kommunen om prosjektmidlar til ein 20% stilling i eitt år, og så søkja etter kyrkjevevje i 100% stilling.

Kyrkjevevja ynskjer ikkje å slutta utan å få gjort gravplass-prosjektet ferdig. Om ikkje prosjektstilling kan ordnast, vil alternativet hennar vera å prøva halda fram lenger i kyrkjevevje-stilling evt. med delvis sjukmelding. (*Viser til vedl. 9B*)

AU går inn for alt 2.

Sak om kyrkjevevjestillinga, kjem opp på neste møte.

Vedl. 9 A Gravkart omregulering

Vedl.9 B Brev frå kyrkjevevja U. OFF – lagt fram på møte

Vedtak

Kyrkjestyret søkjer kommunen om midlar til ei 20% prosjektstilling for å gjera ferdig prosjektet med omregulering på gravplassen. Inkludert i arbeidet er utsending av brev til pårørande om endringane, og festetilbod for alle graver som er over 30 år gamle.

Vedtaket er einstemmig og som framlegget

Sak 10/23 SR FASTE SAKER SR – EVALUERING OG PLANLEGGING

- 17. juni er det planlagd loppemarknad. Grendahuset har reservert datoen. Det må vurderast om det likevel skal haldast på Safa sidan det står ein del ting igjen der etter sist loppemarknad. Det kostar 5000 kr i leige i grendahuset, men kanskje fleire vil koma der?
- 8. juni vil soknerådet invitera til sommarfest i Sætravika. Kollekt for å dekkja noko av utgiftene.
- Soknerådet ynskjer å starta opp med temasamlingar etter Alfa-mal, når alfakurset er slutt.
- Evaluering av gudstenester og tilstellingar. Positive og negative attendemeldingar
- Soknerådet ynskjer spørja Inge Aasgaard om å laga ein film for å presentera kyrkjelyden med glimt frå ulike tilstellingar i kyrkja. Filmen kan liggja på heimesidene og brukast til presentasjon t.d. for foreldre i trusopplæringa.

Sak 11/23 SR NOMINASJONSNEMND TIL SOKNERÅDSVALET

I sak 40/22 hadde me oppe sokneråds-valet som kjem 10.-11 sept. i 23. Det vart bestemt at Anlaug R. Hauge, Hilde M. Aarvik og Anne G. Tandstad skule sitja i nominasjonsnemnda. Kjell Odland skule også spørjast. Han har sagt nei.

I følge handboka for valet, er fristen for å velja nominasjonsnemnd 1. februar. Dette er også dagen for valkurset i Norheimsund, der nominasjonsnemnda er invitert med. Handboka anbefaler tre til fem medlemmer som skal vera ein: «...bredt sammensatt komité mht. geografi, alder, grupperinger i menigheten osv. Ungdommens kirkemøte har oppfordret til å ha et ungt medlem i nominasjonskomiteen. Det kan også være en fordel at en fra det sittende menighetsrådet er med, for eksempel en som ikke ønsker å ta gjenvalg.»

Når me ser på oppgåvene til nemnda, ser me at dei skal koma med framlegg til prioritert liste, men at det faktisk er dei ti forslagsstillarane som skal gjera den endelege prioriteringa. Dei må

difor kallast inn til møte, slik at dei kan vera med og bestemma rekkjefølgja og eigenhendig skriva under på framlegget, på baksida av arket.

AU sitt framlegg var å spørja to menn om å vera med i nemnda, ein av dei bør vera under 30 år. Det hadde ikkje lukkast spørjarane å finna nokon under 30 år som ville vera med i nemnda. .

Vedtak

Desse skal sitja i nominasjonsnemnda til soknerådsvalet:

Anlaug R. Hauge, Hilde M. Aarvik, Anne G. Tandstad og Johannes Bruvik.